



MØTEPROTOKOLL

Utval:	Komite for Helse og omsorg
Stad:	Herøy helsesenter, Helsesenteret
Dato:	12.06.2014
Tid:	14:00 – 15:45

Medlemer som møtte:

Karly Ingunn Teige	Medlem	FRP
Knut Tandberg	Medlem	H
Ole Brubakk	Medlem	KRF
Kaja Runde	Medlem	FOLK/SP

Forfall:

Fred Hansen	LEDER	H
Janita Iren Westbø Remøy	NESTL	AP
Hege Nedreberg Vestavik	MEDL	H

Varamedlemer som møtte:

Lene Voldsund	Hege Nedreberg Vestavik	H
Sigurd Voldsund Nygard	Fred Hansen	H
Magnar Storøy	Janita Iren Westbø Remøy	V

Andre:

Eigedomsleiar Robert Myklebust

Tilstades var 4 faste og 3 vara, fulltalig.

Til å skrive under møteboka saman med ordføraren vart desse valde:
Kaja Runde og Magnar Storøy

Då både leiar og nestleiar hadde forfall vart det valt møteleiar. Ole Brubakk vart samrøystes valt som møteleiar.

Ingen hadde merknader til at to ekstrasaker vart handsama i møtet.

Eigedomsleiar Robert Myklebust orienterte om kommunedelplan for bustadsosialt arbeid.

Kaja Runde

Ole Brubakk

Magnar Storøy

underskrifter

SAKLISTE:

Saksnr	Innhold
PS 20/14	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 21/14	Protokoll frå førre møte
PS 22/14	Referatsaker
PS 23/14	Årsrapport 2013.
PS 24/14	Tertialrapport per 01.05.2014.
PS 25/14	Lokalisering av omsorgssenter for Herøy
PS 26/14	Oppretting av fast stilling i 50% som helsesøster
PS 27/14	Omsorgsbustadar med heildøgns pleie- og omsorgsfunksjon - funksjons- og arealanalyse

Referatsaker

- RS 10/14 Særutskrift - Prosjektmidlar førebyggjande rusarbeid - ny stillingsheimel
- RS 11/14 Statusrapport for spelteknologi april 2014

Orientering/drøfting:

Eigedomsløiar – pågåande arbeidet med kommunedelplan for bustadsosialt arbeid

Kommunedelplan for bustadsosialt arbeid

PS 20/14 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE

Møtebehandling:

Ingen hadde merknader til innkalling og sakliste

PS 21/14 PROTOKOLL FRÅ FØRRE MØTE

Møtebehandling:

Protokoll frå førre møte låg føre.

Merknad til KHO-sak 18/14 pkt 2: Formannskapet vel etter forslag frå valnemnda

PS 22/14 REFERATSAKER

Møtebehandling:

Referatskriv frå avdelingane låg føre og vert tekne til vitande.

PS 23/14 ÅRSRAPPORT 2013.

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Komite for Helse og omsorg - 12.06.2014

Årsrapporten for 2013 vert godkjend.

PS 24/14 TERTIALRAPPORT PER 01.05.2014.

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Komite for Helse og omsorg - 12.06.2014

Saka vert tatt til vitande.

PS 25/14 LOKALISERING AV OMSORGSSENTER FOR HERØY

Møtebehandling:

Eigedomsleiar Robert Myklebust orienterte.

Rådmannen si tilråding med slikt nytt punkt 3 vart samrøystes vedteken: Helse- og omsorgskomiteen vert orientert undervegs i prosessen.

Tilråding i Komite for Helse og omsorg - 12.06.2014

1. Kommunestyret ber rådmannen om å greie ut lokaliseringalternativ for det framtidige omsorgssentertilbodet i Herøy.
2. Lokaliseringsspørsmålet skal handsamast av kommunestyret innan desember 2014.
3. Helse- og omsorgskomiteen vert orientert undervegs i prosessen.

PS 26/14 OPPRETNING AV FAST STILLING I 50% SOM HELSESØSTER

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Komite for Helse og omsorg - 12.06.2014

Herøy kommune opprettar fast 50% stilling som helsesøster ved førebyggjande seksjon i Barn-, familie- og helseavdelinga. Stillinga vert finansiert ved dei særskilt prioriterte midla til fagområdet («Støre-midla»)

PS 27/14 OMSORGSBUSTADAR MED HEILDØGNS PLEIE- OG OMSORGSFUNKSJON - FUNKSJONS- OG AREALANALYSE

Møtebehandling:

Eigedomsleiar Robert Myklebust orienterte.

Komiteen bemerkta at helse- og omsorgskomiteen opprinneleg ikkje var satt opp som utval til å handsama denne saka. Positivt at den vart lagt fram i møtet, men det vart på denne måten lita tid til å førebu saka.

Plan og byggenemnda si tilråding vart vedtatt mot 1 røyst. Folk/SP, Kaja Runde røysta mot.

Tilråding i Komite for Helse og omsorg - 12.06.2014

1. Kommunestyret godkjenner funksjons- og arealanalyse for omsorgsbustadar med heildøgns omsorgsfunksjon slik:
 - a. Prosjektet vert bygd ut på kommunens eigedom ved Herøy omsorgssenter, blå avdeling.
 - b. Prosjektet vert utvida med inntil 16 bueiningar og naudsynt fellesareal.
 - c. Prosjektet vert utvida til også å omfatte base for heimetenesta.
2. Kommunestyret vedtek riving av Sjukeheimsvegen 5 b. Riving skal gjennomførast så snart nye omsorgsbustadar er overteke til ordinær drift og lyt finansierast over det aktuelle års budsjett.
3. Plan- og byggenemda får i oppdrag å gjennomføre prosjektet etter gjeldande prosedyre.

MØTET SLUTT!